

Samferdselsminister Jon Georg Dale
Postboks 8001 Dep
0030 Oslo

Vår ref.: 416-252

Hovdebygda, 29. mai 2019

Synleg nynorsk i samferdselssektoren

På vegner av dei 17 nasjonale nynorskorganisasjonane i Nynorsk forum bed Noregs Mållag, Norsk Målungdom og Nynorsk kultursentrum om eit møte om nynorsk skilting i samferdselssektoren.

Transportsektoren er omorganisert, selskaps- og organisasjonsstrukturen er endra eller under endring og det blir fleire private aktørar i delar av bransjen. Likevel er framleis infrastrukturen felles, og skal skiltast og informerast om på både bokmål og nynorsk. Eit samla Nynorsk forum vil gjerne diskutere:

1. Behovet for å minne etatar og selskap om å følge *Lov om målbruk i offentleg teneste*, og skilte og informere på nynorsk.
2. Grenseovergangar på land er skilta på både bokmål og nynorsk. Det bør også gjelde flyplassar og hamnar.
3. Av omsyn til at nynorskbrukarane skal ha rett til å sjå eige språk kan ein vurdere å innføre prinsippet om nynorsk skilting i språkøytrale kommunar med nynorske skulekrinsar
4. Skiltinga på Sørlandsbanen, Bergensbanen, Dovrebanen, Raumabanen, E39, E16, E6, E134, Rv. 5, 7, 9, 13, 15, 36, 41, 52, 55, 70, 555, 651, flyplassane Sola, Flesland, Vigra og Gardermoen bør bli skilta på nynorsk eller bokmål og nynorsk

Vi ser fram til å høyre frå dykk,

Per Magnus F. Sandsmark (s.)
sekretær Nynorsk forum